

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

I sak 318/20 Ombordtillegg står det at i 2019 var sal av billettar om bord på 150 millionar, og at av dette utgjer salet av periodebillettar og påfylling av reisepengar halvparten av dette (altså 75 mill).

- Betyr dette at sal av einskildbillettar i 2019 utgjer om lag 75 mill i omsetning?
- Kva er talet på solgte einskildbillettar via app i 2019 og kva er talet på solgte einskildbillettar kontant om bord i bussen i 2019, og tilhøyrande økonomiske summar for 2019?»

Fylkesrådmannen:

I omgrepet «om bord» omfattast alt sal i dagens billettsystem Aries, som vert nytta både på buss, bane og båt. Dette salet utgjer om lag 150 millionar i kontantsal for 2019.

Når det gjeld reint sal av billettar om bord i bussane var kontantsalet i 2019 på 58 millionar, og reisepengar utgjorde om lag 30 millionar i omsetnad (billettar betalt med reisepengar). Om lag 70% av påfylling av reisepengar skjer hjå sjåfør. Av kontantsalet om bord, utgjer einskildbillettar 22,5 millionar, eller om lag 40%, fordelt på om lag 550.000 billettar.

I billettappen vart det i 2019 seld 8,6 millionar einskildbillettar, noko som utgjorde ein omsetnad på 253 millionar.